

LAURDAG 7. OKTOBER 2023, HOVDEN I SETESDAL

VIKING & VILLREINS HAUST MARKNAD

BJØRN TOMREN



INGER LISE STULIEN



TROND MOI



Aktivitetar for heile familien i Hegni Friluftsområde:

Vikingleikar / Smiing / Perlesløyd / Bueskyting / Historieforteljing ved bålet
Lassokasting / Prøv å få fyr med eldstål / Jernutvinning på Hovden – i praksis
Fjellrein – utandørs kunstutstilling / Utekonserert med Bjørn Tomren

Mat- og sankefestival ved Hovdestøylen Hotell:

Trond Moi lagar mat ute / Inger Lise Stulien bakar lefser
Fjødd, tidlegare Fjellgarden Hovden, viser partering av vilt
Marknadsbodar med kvalitetsprodukt


Kveldsarrangement på Hovdestøylen Hotell:

Vikingmiddag og konsert med Bjørn Tomren

www.vikingvillrein.no Viking&Villrein vikingvillrein



KJETSÅ DESIGN



Følg Bykle kommune på
facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune



Oktober 2023 34. ÅRGANG | OPPLAG 548



Spite-kafe

Vi inviterer til spite-kafe.


Då treffast me for å strikke, hekle, prate og drikke kaffe/te.

Velkomne onsdagane 11.okt/ 18.okt/ 25.okt. 8.nov.

Kl 19-21 på romet vårt over bussgarasjen, Hovden sentrum.

Linotrykk 1.nov og 15.nov kl 19-21 på Hovden Grendehus (lesesalen)

Helsing Alida og Else Gyro



Laurdag 7.oktober Bykle samfunnshus:

16:30 Lars er LOL

18:30 Expendables 4

Måndag 9.oktober Hovden grendehus:

18:00 Lars er LOL

20:00 Sulis 1907

Laurdag 21. oktober Bykle samfunnshus:

16:30 Trolls trommer sammen

18:30 Killers of the flower moon

Kunne du tenke deg å prøve turning?

Då ønsker vi å høyre frå deg!

Vi er to tidlegare gymnastar som har trena ulike former for turn. No ønsker vi å lære dette vidare og startar difor opp med turn i gymsalen i Bykle frå og med veke 42. Treningane blir tysdagar fra 18-19.

Treningane vil bli ei god blanding av begge formene, og vi vil fokusere på kva de som utøvarar ønskjer å lære.

Går du i 1. klasse og oppover og synest at dette høyrast spanande ut, ta kontakt med fredrik-eriksen@live.no for å melde deg på.

Vi gler oss mykje! Helsing Martine og Fredrik

Basar og loppemarknad i Trydal grendehus

Det vert basar og loppemarknad i Trydal grendehus laurdag 14.oktober kl 12-17. Sal av suppe, potetkake, kake og vaflar. Åresal og loppemarknad. Mange flotte gevinstar!

Velkomen til ein hyggeleg basar i trivelege Trydal! Inntektene går til drift av Trydal grendehus.



Språkkafe

Hovden grendehus bibliotek:

Tysdag 10/10 kl. 18-19.

Bykle samfunnshus bibliotek:

Tysdag 24/10 kl. 18-19

"Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet."

Ta kontakt med

merete.egeland@bykle.kommune.no

om du vil bidra som språkvert.

Bykle kommune har eit rikt frivillig liv.

bykle.foreningsportal.no

finn du ut kva for lag og organisasjonar som er i Bykle. Ta kontakt med [merete.egeland@bykle.kommune](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no) om du vil legge til ditt lag eller foreining her eller vil oppdatere informasjon.



Verdensdagen for psykisk helse er 10. Oktober



Årets tema: Vi treng å høyre til. #lagplass

Bykle og Valle helse og oppvekst vil markere dagen med stand og aktivitetar i samarbeid med Bykle Frivilligsentral. Årets kampanje oppfordrar til å gjere dei viktigaste møteplassene våre mer inkluderende. Sosial støtte kan redde liv, særskild i urolege tider. Vi har alle et ansvar for å løfte blikket og lage plass til fleire.

LINOTRYKK med FJELLGARDANE HUSFLIDSLAG

Onsdag 1. og 15. november 2023
19.00 - 21.00

På Hovden Grendehus - lesesal.
Det er ca 7 plassar denne kvelden.
Potensielle nye medlem mellom 16 og 35 år vil prioriterast.

Linotrykk gjeng ut på å skjære i gummiiknande matter for å få eit motiv ein kan trykke på papir, tre eller tekstil. Me har linomaling og noko tekstilmaling. Om det er ynksjeleg å trykke på tekstil - tak med eigen tekstil. Papir syter husflidslaget for.

påmelding sendast til:
alida.morenskog@gmail.com

Hovdenrevyen

2023

«Krompetrekningar»

27.10 | 28.10 | 06.11 | 07.11

Kl 19:00

Billetter i sal på Hovden grendehus og ebillett.no/hovden frå 2.oktober



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 15. kvar månad.

www.bykle.kommune.no

Politiske møter og saksdokument finn de på heimesida

Influensavaksine hausten 2023

Helsetenesta i Bykle og Valle forventer å få årets influensavaksine om lag i veke 42. Som tidlegare år er det anbefala at dei som er i risiko-gruppa vaksinerer seg mot influensa, og tek oppfriskningsdose med koronavaksine. Influensavaksina kan takast saman med koronavaksina. Ny anbefaling for pneumokokkvaksine er kvart 6. år for dei over 65 år.

Bestill gjerne tid på legekantoret for vaksinerings allereie no.

Valle legekantor tlf.: 379 37 540

Bykle legekantor tlf.: 379 38 670

Hovden legekantor tlf.: 379 38 680

Følg med på heimesida og Facebook for meir info.

22. OKTOBER 2023 **I år går TV-aksjonen til Redd Barnas** arbeid for å hjelpe krigsrammede barn - både i Norge og rundt om i verden.

Redd Barna
TV-AKSJONEN **NRK**

Ønsker du å engasjere deg ta kontakt med aksjonskomiteen ved merete.egeland@bykle.kommune.no.

Foreløpig program:

15/10: Fjelltur til Kaldseggi. Bli med å gå TV-aksjonen i gong med fellestur til Kaldseggi med guide Grete Breivik.

Uke 42: Arrangement ved skulane i kommunen

18/10: Kulturkafe i Bykle samfunnshus kl. 18

Me får musikalske innslag frå både barnekolet, Bykle songlag og trioen Ivar, Magnus og Viktoria. I tillegg kjem fylkesaksjonskoordinator i Agder Øyvind Berg, med ein presentasjon av årets aksjon. Me sel kaker og kaffe i kaféen, der all inntekta går til TV-aksjonen.

22/10 TV-aksjonsdagen med bøsseaksjon i Bykle og på Hovden

Bøssebærarar vil gå frå dør til dør frå ca. kl. 12. Du kan gje via ulike betalingsmåter som Vipps, SMS og bankkontooverføring. Vi tar også imot kontantar. Meld deg som frivillig bøsseberar 22. oktober på tvaksjonen.no eller ring tlf. 934 68 608 (Thor Bernhard Sagland)

Tømekalender

Restavfall: 18.10

Matavfall: 04.10, 18.10, 01.11

Papir, glass/metall, plast: 04.10, 01.11

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Høyrsel

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunesøk 18 okt

Dette er eit tilbud til deg som allereie har høyreapparat. Ønsker du time ta kontakt med høyrselkontakt i kommunen Annette Trydal

Telefon 91641495 eller E-post:

Annette.trydal@bykle.kommune.no

Info frå Bykle og Valle helseteneste

Onsdag 4. oktober er Bykle legekantor stengt. Hovden legekantor er ope denne dagen.

Fredag 13. oktober er Hovden legekantor stengt. Valle legekantor er ope denne dagen. Legekantoret kan kontaktast på telefon som vanleg.

Konsert i Lislestog

Sundag 15. oktober klokka 17.00 vert det konsert med Hallvard T. Bjørgum i Flatlandsstoga. Me stiller med kaffi og noko å bite i, Hallvard står for musikken. Gratis inngang. Vel møtt!

Arr: **Kultur & Fritid Bykle kommune**

Boksirkel

Boksirkelen møtast måndag 9/10 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka " Afghanerne" av Åsne Seierstad. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med

Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 8.oktober kl 16.00: Gudsteneste i Bykle kyrkje

Superhelg i kyrkja:

Laurdag 21.oktober kl 12.00, Bykle kyrkje:

Utdeling av 4- og 6-årsbok til born frå Bykle og Fjellgardane, og Barneteaterforestilling med «Kyrkjerottene»

Viggo bur i tårnet i kyrkja. Han seier han er ei svale, men kan han verkeleg vere det? Han ser dårleg og søv opp ned. Men Viggo treng hjelp – trur du Kyrkjerottene kan hjelpe han? Arrangementet er ope for alle born og vaksne.

Sundag 22.oktober kl 12.00, Bykle kyrkje:

Minikonfirmantdag for 5-6 klassingar frå Bykle/ Fjellgardane/Valle/Hylestad

Ruben Gazki deltek

Show «Superhelt- kvardagshelt» - basert på historia om David og Goliat. Underhaldning med meining, sabelsjonglering og andre stunt

15.00 Tacoservering

Avluttast med gudsteneste **kl 16.00-17.00.**

Sundag 22.oktober kl 18.00, Bykle kyrkje

Showbasert livsmestringsforedrag med «Svindler med stil» - Ruben Gazki, for konfirmantar og konfirmantforeldre frå Bykle/Fjellgardane/Valle/Hylestad.

Med hjelp av fingerferdigheit og tankemanipulasjon presenterer Ruben tema som fridom, fellesskap og lykke - og gjev praktiske verktøy for livsmestring.

Møte i Bykle kyrkje, kyrkjekjeddaren onsdag

25. og torsdag 26. oktober kl 19.00. Arne Inge

Vålandsmyr talar.

Arr.: **Normisjon**

Velkommen til møte i kyrkjekjellaren fredag 27.

og laurdag 28.oktober kl.19.00, søndag

29.oktober kl.11.00. Talar er Kåre Johan Lid.

Arr. **Misjonssambandet**

Bykle søndagsskule, 8.okt kl 16-17

Me startar opp med søndagsskule i kyrkjekjellaren i Bykle kyrkje! Alle born frå tre år er hjarteleg velkomne.

Har de spørsmål, ta kontakt med Jørgine Sofie Mosdøl, tlf 95 17 22 35.

Arr.: **Bykle søndagsskule**

SUMMIT
BYKLE-HOVDEN
2009
FRITIDSKLUBB

5. - 7. TRINN
TIRSDAG
KL 17:30
- 19:30

JUNIORKLUBB OG ARRANGEMENT



| | | | |
|------|-------|-----------------------------|----------|
| FRE | 15.09 | KLUBB KICK - OFF | BADELAND |
| TIRS | 26.09 | KLUBB BYKLE | |
| LØ | 30.09 | STREETDANCE CAMP | |
| SØ | 01.10 | STREETDANCE CAMP | |
| ONS | 04.10 | GAMINGTURNERING/AKTIVITETER | |
| TIRS | 10.10 | KLUBB HOVDEN | |
| TIRS | 24.10 | KLUBB HALLOWEEN BYKLE | |
| TIRS | 07.11 | KLUBB HOVDEN | |
| LØ | 11.11 | IDRETTENS DAG | |
| LØ | 18.11 | JULE KICK-OFF | |
| TIRS | 28.11 | KLUBB PEPPERKAKEHUS | BYKLE |
| TIRS | 12.12 | KLUBB JULEKOS | HOVDEN |

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER
FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND :IFZBR
KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO

SUMMIT
BYKLE-HOVDEN
2009
FRITIDSKLUBB

8. - VGS
ONSDAG
KL 18:30 -
21:00
HOVDEN
GRENDEHUS
HEMSEN

UNGDOMSKLUBB OG ARRANGEMENT



| | | | |
|------|-------|-----------------------------|--|
| FRE | 15.09 | KLUBB KICK - OFF | BADELAND |
| ONS | 20.09 | KLUBB | |
| LØ | 30.09 | STREETDANCE CAMP | |
| SØ | 01.10 | STREETDANCE CAMP | |
| ONS | 04.10 | GAMINGTURNERING/AKTIVITETER | |
| TORS | 19.10 | DØGNING | (For å gjennomføre må vi ha foresatte på vakt) |
| FRE | 27.10 | KLUBB HALLOWEEN BYKLE | |
| LØ | 11.11 | IDRETTENS DAG | |
| ONS | 15.11 | KLUBB/MUSIKKPRODUKSJON | |
| LØ | 18.11 | JULE KICK - OFF | |
| ONS | 06.12 | KLUBB/PEPPERKAKEHUS | |
| ONS | 20.12 | KLUBB JULEKOS | |

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER
FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR
KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO

